

Eidsvik skal byggja supply-skip

14.06.2007



Eidsvik har for første gong fått kontrakt på eit supply-skip.

AS Eidsvik Skipsbyggeri i Uskedalen har inngått kontrakt med Meling Supply AS i Stavanger om byggjing og utrustning av ein 88,3 meter lang Platform Supply Skip. Kontraktsummen er rundt 300 millionar. Skroget er under byggjing ved eit verft i Tyrkia og vil koma til Uskedalen på forsommaren i 2008. Den største verksemda i Uskedalen er no sikra full beskjeftigelse i dei nærmaste to åra.

Det ferdige skipet skal leverast til rederiet i mars 2009, Eidsvik har opsjon på eit søsterskip til same rederi.

Dagleg leiar Svein Arne Eidsvik opplyser at nybygget er av typen VS 485 MPSV og er utvikla av Vik-Sandvik AS på Fitjar. Dette firmaet har også vore med og sikra kontrakta for Eidsvik. Vik Sandvik skal levera alle teikningane til skipet. Det skal ha elektrisk framdrift og det skal ha klassenotasjonar som "Clean design" og "Comfort Class", der miljø og støy er vektlagt. Skipet får ei breidde på 20 meter. Det skal utstyrtast med høg komfort for 63 personar. Det får ei kran med ei løfte-evne på 100 tonn.



Nybygget vert ein ny type skip for Eidsvik, som til no har drive med utrustning av store fiskefartøy. No er verksemnda på full fart også inn i offshore-marknaden.

- Vi har ein god og dyktig arbeidsstokk og alle på verftet ser fram til nye utfordringar og at vi kan få referansar også innan offshore-skip, held Eidsvik fram.

I august kjem skroget til den skotske fiskebåten på 65 meter til kai.


Eidsvik er akkurat no i gang med å fullføra trålaren Knester for Austvollrederiet med same namn og den skal leverast i månadsskiftet juni/juli. Skroget kom frå verftet i Polen i midten av november. Den neste oppgåva kjem i august. Då legg skroget til ein skotsk fiskebåt på 65 meter til kai i Uskedalen. Den skal leverast ferdig i april 2008.

Eidsvik har med andre ord eit travelt byggjeprogram i tillegg til davitproduksjonen og treng nye medarbeidarar innan røyrlegging, montering og sveising. Dessutan trengs nye lærlingar. Nybyggjingsprogrammet vil gje store ordrar til lokale firma i Kvinnherad og Sunnhordland.

Knut Førland i Kvinnherad Næringsservice gratulerer Eidsvik-leiinga med storkontrakten på byggjing av sypplybåten og opsjonen på byggjing av ein båt nummer to for det same reiarlaget.

- Dette er den første supplybåtkontrakten for Eidsvik og det gjer det heile ekstra gledeleg, seier Førland. Han ønskjer lukke til med byggjinga og mange spanande utfordringar.

Av Ola Matti Mathisen



Vik Sandvik på Fitjar skal levera alle teikningar til det nye skipet.